



Norddal kommune



Stordal kommune

Fellesnemnda for ny kommune

Ark. 151, jp.id 18/1882, sakshandsamar: HIDY

Fellesnemnda sin uttale til årsbudsjett og økonomiplan etter Inndelingsloven § 26 3. ledd

Saksnr	Utval	Møtedato
20/18	Fellesnemnda	13.03.2018

Utsendte saksdokument:

Ikkje utsendte saksdokument:

Arbeidsutvalet si innstilling:

Fellesnemnda sender uttalen om budsjett og økonomiplan 2018-2020 for Norddal og Stordal kommunar til Fylkesmannen jfr. Inndelingslova § 26 3. ledd.

1. Fellesnemnda har ikkje handsama budsjettet 2018 frå kommunane før dei vart vedtekne i dei respektive kommunestyra, og tek difor budsjetta for 2018 til vitande.
2. Fellesnemnda opplever begge budsjett som gjennomarbeidde, der realismekravet i Kommuneleva er oppfylt.
Nemnda forventer at neste budsjettprosess vert lagt opp slik at budsjetta vert å handsame i fellesnemnda før den politiske handsaminga i dei respektive kommunane vert slutført.
3. Det skal vere ei stor grad av samhandling mellom administrasjonane i utarbeiding av budsjettet for 2019 og framover, der det er stor fokus på effektivisering og om mogleg samkøyring av ressursar.

Saksgrunnlag:

Inndelingslova § 26 3. ledd seier at fellesnemnda skal uttale seg om årsbudsjett og økonomiplanen for dei to kommunane sammenslåinga gjeld for i sin virkeperiode. Fylkesmannen ber om å få tilsendt ein uttale etter at den formelle budsjett- og økonomiplan er vedteken.

Fylkesmannen ber om svar på fylgjande to spørsmål.

1. *Er fellesnemnda av den oppfatning at dei enkelte kommunar sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei politiske prioriteringane og innanfor det økonomiske handlingsrommet for den nye kommunen? I kva grad er dei vedtekne investeringane i samsvar med dei framtidige behova iden nye kommunen?*

2. *Er fellesnemnda av den oppfatning at enkeltkommunane sine driftsbudsjett/økonomiplan er i samsvar med dei politiske prioriteringane og innanfor det handlingsrommet den nye kommunen vil få? I kva grad er dei vedtekne tiltaka i økonomiplanen i samsvar med dei framtidige behov iden den nye kommunen?*

Saksopplysningar/samandrag:

Fellesnemnda for bygging av Fjord kommune fekk budsjett og økonomiplan frå både Stordal og Norddal kommune til sakshandsaming etter endeleg vedtak i kommunestyra.

Fellesnemnda fekk i møtet 19.12.2017 ei orientering frå økonomisjef (felles øk.sjef i perioden for Norddal og Stordal) om vedtekne driftsbudsjett og økonomiplanar for begge kommunar.

Fellesnemnda uttalte at budsjetta burde vore inne til handsaming før vedtak, og at ein måtte vere nøye med dette til neste års handsaming. Årsbudsjett og økonomiplanar for Stordal og Norddal kommunar vart i den omgang å ta til vitande.

På møtet i fellesnemnda 13.2.2018 var det ei ny orientering frå økonomisjef, der ein tok føre seg investeringsbudsjetta for dei to kommunane.

Budsjetta for begge kommuner vart utsendt som vedlegg til denne orienteringssaka, men ein såg her at ein måtte gjere eit vedtak i fellesnemnda som skal danne grunnlag for uttalen til Fylkesmannen.

I Intensjonsavtalen mellom Norddal og Stordal kommunar er økonomi omtalt slik;

«Kommunane skal fram mot samanslåing vise varsemnd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar

med kommunane si økonomiske bereevne.

Det er ein ambisjon å legge til rette for heilskapleg planlegging. Dette gjeld til dømes Økonomiplan som tek omsyn til planane til dei opprinnelege kommunane, og som jobbar fram mot ei felles kommune frå 2020. Alt frå hausten 2017 skal ein starte å tilnærme seg ein felles økonomiplanprosess med blick for å bygge ei felles kommune.

Det ligg til fellesnemnda å koordinere dette arbeidet.

Vi skal:

1. Orienterer kvarandre gjennom fellesnemnda om planlagde investeringar slik dei ligg i vedtekne budsjett og økonomiplanar
2. Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at den andre kommunen får innsyn i dei
3. Ikkje selje verdier som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med den andre.»

Vurdering:

På grunn av at begge kommuner har skifta økonomisjef i perioden mai 2017 til mars 2018, vart det ikkje mogleg å samkøyre budsjettprosessane i kommunane slik ein hadde sett føre seg. Ny økonomisjef i Stordal har i ein periode vore utleigd til Norddal, og har i den forbindelse fått innblikk i begge kommunane sine budsjettprosessar. Ein opplevde tidsmessige utfordringar i budsjettprosessen fram mot endeleg vedtak i kommunestyra, og difor vart ikkje budsjetta handsama i Fellesnemnda forut for endeleg vedtak i dei respektive kommunane.

Administrasjonen i begge kommunar har igongsett fleire effektiviseringstiltak, og fellesnemnda ser positivt på at ei samkøyring av ressursar allereie vert sett i verk. Så langt har kommunane felles ass.rådmann, felles teknisk sjef og felles kulturskulerektor. Administrasjonane er nøye med å utgreie om stillingar som vert sett i vakanse skal oppretthaldast, og det er berre der ein møter utfordringar knytt til produksjon og oppgåveløysing i organisasjonen at ein tilsetter nye i stillingane. Det skal alltid sjekkast om nokon kan flyttast over i andre funksjonar og stillingar skal drøftast i omstillingsutvalet.

Det viktige arbeidet med å skaffe fram arbeidsbeskriving på alle stillingar ser ein er viktig å kome i mål med. Det vil forenkle prosessen med å rigge den nye kommunen.

DRIFTSBUDSJETT 2018 – STORDAL & NORDDAL

Budsjettskjema 1 A – drift	STORDAL Budsjett 2018	NORDDAL Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	21 068 000	48 487 000
Ordinært rammetilskot	56 632 000	72 884 000
Skatt på eigedom	-	12 900 000
Konsesjonskraft	-	6 600 000
Andre generelle statsilskot	-	200 000
Sum frie disponible inntekter	77 700 000	141 071 000
Renteinntekter og utbytte	1 100 000	4 550 000
Gevinst finansielle instrument (oml.midl.)*	700 000	
Renteutg., provisjonar og andre fin.utg. **	2 398 700	4 800 000
Kalk.renter sjølvkost	-	600 000
Avdrag på lån**	5 819 000	11 828 000
Netto finansinnt./utg.	-6 417 700	-11 478 000
Til ubundne avsetnader	38 092	200 000
Til bundne avsetnader (VAR-fond)	837 223	3 000 000
Bruk av tidligere reknesk.m. mindreforbruk		
Bruk av ubundne avsetnader	1 000 000	
Bruk av bundne avsetnader (VAR-fond)	1 176 065	3 000 000
Netto avsetnader	1 300 750	-200 000
Overført til investeringsbudsjettet	-	
Til fordeling drift	72 583 050	129 393 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	72 583 050	128 898 000
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-	495 000

Driftsbudsjettet i Stordal er vedteke i balanse, utan avsetnad til disposisjonsfond. Det vart kutta om lag 3,3 mill. i løpet av den politiske handsaminga.

Norddal kommune vedtok sitt budsjett med ein avsetnad til disposisjonsfond på kr. 495.000, etter at det vart kutta rundt 7 mill. i løpet av den politiske handsaminga.

Det har vore gode politiske prosesser i begge kommuner, der det er gjort realistiske kutt. Ein opplever at begge driftsbudsjetta er gjennomarbeida og at det er gjort ansvarlege vedtak politisk.

INVESTERINGSBUDSJETT STORDAL 2018

Budsjettskjema 2A - investering	Endeleg budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Investeringer i anleggsmiddel	41 500 000	29.950.000	2.500.000	6.500.000
Utlån og forskutteringar				
Kjøp av aksjar og andelar				
Avdrag på lån	399 200	150.000	150.000	150.000
Avsetnader				
Dekning av tidlegare års udekka				
Årets finansieringsbehov	41 899 200	30.100.000	2.650.000	6.650.000
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	19 000 000	26.000.000	0	3.000.000
Inntekter frå salg av anleggsmidler		600.000		
Tilskot til investeringar				
Kompensasjon for meirverdiavg.	3.500.000	500.000		
Mottak avdrag på utlån og refusjonar	150 000	100.000	100.000	100.000
Andre inntekter				
Sum eksternt finansiering	22.650 000	27.200.000	600.000	4.400.000

Overført frå driftsbudsjettet				
Bruk av tidegare års udisponert				
Bruk av avsetnader (fond)	19.249.200	2.900.000	2.050.000	2.250.000
Sum finansiering	41 899 200	30.100.000	2.650.000	6.650.000
Spesifikasjon av investeringsprosjekt	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Vatn Stordal (VAR)	3.000.000	3 000 000		
Vatn og avløp Nørdalen (VAR)	3.000.000	3 000 000		
Barnehage	26.000.000			
Grigåsrbbane,veg og tekniske anlegg	8.000.000			
Veg Øvre Dyrkorn	1 000.000			
Bygg for oppbevaring av avfall (skule/Stordalstunet)	300.000			
IKT investering skule og sentraladm.	200.000			
Ny veg Kvammen		1.500.000	2.000.000	
Vegar og bruar		1.000.000		1.000.000
Gang/sykkelveg Mo-Øvrebust		500 000	500 000	500 000
Rehabilitering av garderobe/badstu til symjehall		4.100.000		
Ny brannstasjon		15.000.000		
Naudstraumsaggregat		500.000		
Ombygging av «gammalt» barnehagebygg				4.000.000
Utbedring av helsestasjon (heis og møterom)				1.000.000
Utbedring tak Stordalshallen *		700.000		
Digitalisering av gammalt arkiv for kommunen, tilbud frå IKA. **		650.000		
	41.500.000	29.950.000	2 500 000	6 500 000

I Stordal vart det gjort endeleg vedtak om bygging av ny barnehage des. 2017, og dette er det store prosjektet framover for kommunen. I tillegg er det naudsynt med ny brannstasjon, og det må også gjerast meir investeringar på vatn og avløp. Utover dette er det nokre mindre rehabiliteringsprosjekt, blant anna på vegar.

Investeringane skal finansierast ved bruk av ubrukte lånemidlar, bruk av fond og opptak av lån.

INVESTERINGSBUDSJETT NORDDAL 2018

Budsjettskjema 2A	Rekneskap 2016	Regulert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021
Investeringar i anleggsmiddel	27 626 765	12 931 000	21 985 000	23 800 000	21 600 000	0
Utlån og forskotteringar	576 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Eigenkapitalinnskot KLP	598 022	600 000	650 000	650 000	650 000	650 000
Avdrag på lån					0	0
Dekning tidl års meirforbruk					0	0
Avsetningar		3 900 000			0	0
Årets finansieringsbehov	28 800 787	17 931 000	23 135 000	24 950 000	22 750 000	1 150 000
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidlar	-18 126 691	-500 000	-3 425 000	-19 400 000	-20 000 000	0
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-253 411	-2 000 000	-2 600 000	0	0	0
Tilskott til investeringar	-3 520 928	-197 000		0	0	0
Kompensasjon for mv a	-4 997 220	-955 000	-510 000	-400 000	-300 000	0
Mottatte avdrag på lån og refusjonar	-504 833	-4 100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Andre inntekter			-500 000	-500 000		
Sum ekstern finansiering	-27 403 083	-7 752 000	-7 135 000	-20 400 000	-20 400 000	-100 000
Overført frå drittskjeskapet						
Bruk av tidl års udisponert						
Avsett til bundne investeringsfond						
Bruk av avsetningar	-1 397 704	-10 179 000	-16 000 000	-4 550 000	-2 350 000	-1 050 000
Sum finansiering	-28 800 787	-17 931 000	-23 135 000	-24 950 000	-22 750 000	-1 150 000
Udekt/udisponert	0	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 2B	Regulert budsjett 2017	Budsjett 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020	Øk.plan 2021
eKommune Sunnmøre	63 000				
IKT-plan	392 000				
Digitalisering		2 500 000	2 500 000		
Avslutte arkiv		500 000	500 000	500 000	
Avslutte arkiv Norddal Elverk		500 000			
Rullestolrampe Norddal kyrkje	250 000				
Utstyr til kyrkja		40 000		200 000	
Arbeid med orgel i Sylte kyrkje		170 000			
Sprinkelanlegg kyrkjene			900 000	900 000	
Utviding kyrkjegard			500 000		
Inng parti rådhuset, oppdradering		100 000			
Sum Sentraladministrasjon	705 000	3 810 000	4 400 000	1 600 000	0
Forprosjekt Eidsdal skule	230 000				
Inventar og utstyr Eidsdal skule	130 000	160 000			
Oppgradering Eidsdal skule		500 000	1 000 000		
Datamaskiner og tilhøyrande utstyr		300 000			
Keramikkovn mm Valldal skule		150 000			
Tiltak mot radogass		350 000			
Oppgradering/sikring av leikeplassar		300 000	900 000		
Sum skule - barnehage	360 000	1 760 000	1 900 000	0	0
Lukka skap for antibiotika VTS	100 000				
Nye senger og løfteheiser VTS		940 000			
Medisinsk utstyr	300 000				
Dagsenter demente	100 000				
Forprosjekt omsorgsbustader	450 000				
Nye pleie & omsorgslokaler		500 000	9 500 000	20 000 000	
Arbeidsmiljøtiltak omsorgsbustad Eidsdal	300 000				

Sum helse og omsorg	1 250 000	1 440 000	9 500 000	20 000 000	0
Hjellevegen	700 000	1 300 000			
Flaumskade 2016	700 000				
Vassverk utbygging	1 935 000				
Muribugen	250 000				
Brannbil	700 000				
Brann redningskle		100 000			
Brann løfteputer til redning		150 000			
Regulering Omenås bustadfelt	150 000				
Tettstadutvikling	936 000	1 000 000			
Bygg Valldal Fjernvarme AS	2 900 000				
Flerbrukshall - rulleamfi	1 048 000				
Kabling for IKT-struktur VTS og omsorgsbustadar	1 000 000				
Tafjordbadet, struktur (sikkerhetstiltak)		350 000			
Kraftverkbygget, totalrenovering		3 500 000	3 000 000		
Kjøp av utleigebustadar		3 500 000			
Kjøp av ny GPS m/Stordal PBO		75 000			
Forskottering gang/sykkelveg Sylte-Berdal		5 000 000	5 000 000		
Sum teknisk, næring og miljø	10 319 000	14 975 000	8 000 000	0	0
	12 634 000	21 985 000	23 800 000	21 600 000	0

Norrdal kommune vedtok eit investeringsbudsjett i overkant av 20 mill.kroner dei neste tre åra. Dette gjeld mange einskilde prosjekt, og ein viser til ovanforståande tabell for detaljar. Blant dei større prosjekta er forskottering av gang-/sykkelveg Sylte-Berdal, kjøp av utleigebustadar og renovering av Kraftverkbygget. I tillegg er det gjort avsetnad til digitalisering, og det er også løyvd midlar til oppgradering av Hjellevegen (Eidsdal).

Det er mange planlagde og vedtekne prosjekt i begge kommunar, og framdrifta er avhengig av kapasiteten innan teknisk etat. Pr.dato er det ikkje tilstrekkelege ressursar til å gjennomføre vedtekne prosjekt, men det vert jobba med å tilsette to nye ingeniørar og det vert dermed betring i kapasiteten utover 2018.

Når det gjeld finansiering av prosjekta, er det i stor grad lånefinansiering som må gjerast i begge kommuner. Kommunane har høg gjeldsgrad, og ligg i øvre del av statistikken når ein samanliknar med andre kommuner i fylket og også opp mot landsgjennomsnittet. Dess meir opptak av gjeld, dess meir avdrag og dette påverkar finansutgiftene i driftsrekneskapen. Handlefridomen til kommunane vert dermed avgrensa sidan lånegjelda er forholdsvis høg.

Det er no nye økonomisjefar tilsett i begge kommuner, og har allereie fokus på samhandling og effektivisering/samkøyring av rutiner. Budsjettprosessen for 2018 vert gjort i nær samhandling, og på eit tidlegare tidspunkt enn det som vart tilfelle i 2017.